

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

|                         |                            |
|-------------------------|----------------------------|
| <b>Dato</b>             | 31.10.2022                 |
| <b>Vår referanse</b>    | 2022/54050-9               |
| <b>Dykkar referanse</b> | 20/1203                    |
| <b>Sakshandsamar</b>    | Kari Veseth Kinden         |
| <b>E-post</b>           | Kari.Veseth.Kinden@vlfk.no |
| <b>Telefon</b>          | 95739184                   |

## Svar på spørsmål - klage på reguleringsplan - Fv.57 - gang og sykkelveg - Lindås tettstad - Mongstad - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til oversending mottatt 11.10.2022, vedkommande spørsmål knytt til klage på reguleringsplan for fv. 57 Lindås tettstad-Mongstad. Vedlagt følger våre svar.

### 1. Kvifor kan ein ikkje nytta den kommunale vegen som ligg der, frå bensinstasjonen til Mongstadkrysset?

Vestland fylkeskommune ynskjer å presisera at det er gjort nøye vurderingar av valt løysing, i samsvar med gjeldande krav til vegutforming. Blant anna er det vurdert

- landskapsbilete
- nærmiljø og friluftsliv
- kulturmiljø
- naturressursar
- val av side for gang- og sykkelveg (vedlegg 15 i planmateriale)

Det er lite trafikk langs den kommunale vegen frå bensinstasjonen på Hope og til Mongstadkrysset. Denne vegen kan framleis nyttast til blanda trafikk, og den kan også vera ein del av eit mogleg byggetrinn om ein ikkje får finansiert utbygging av heile strekninga.

Valet om å leggja gang- og sykkelvegen på austsida er basert på trafikktryggleik (unngå skifte av side), samt at ein ynskjer å unngå konflikhtar med store miljøverdiar (utfylling i Hopevatnet) og kraftlinjer. Målpunkt som bustadområde, skule, idrettsanlegg, friluftsområde, etc. er vurdert opp mot tilgjenge til gang- og sykkelvegen, og sida med flest målpunkt er vurdert som best og mest trafikksikker for gåande og syklande.

### 2. Kvifor er det gul sone, og ikkje raud sone på Tykhelle?

Me går ut frå at det her vert vist til støysoner. Støysoner vist i reguleringsplanen er basert på berekningar, ikkje konkrete målingar. Berekningane er basert på blant anna trafikkmengd, fartsgrense, avstand frå bustad til veg, terrengtilhøve osv. Målingar vert bruk unntaksvis, då måling er forbunde med stor usikkerheit.

Viser elles til det som er sagt om støytidlegare:

For bustader vil støytiltak, avhengig av lydnivået ved dei einiskilde bustadane, kunne innebære fasadetiltak, utskifting av vindauger, støydempe ventilar i yttervegg eller balansert ventilasjonssystem, og lokal skjerming av uteplass. Støytiltak vil bli vurdert i samsvar med Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442. Forslag til tiltak vil bli utarbeidd i samsvar med gjeldande regelverk i samband med byggeplan og før anleggsstart.

3. **Kvifor går ikkje tilkomstvegen i starten nærmare fylkesveg 57 og vidare bort til eigedomen gbnr 118/2? No er den regulert midt på bøen frå garasjen gnr 118 bnr 1. Det medfører at ein teig på bnr 1 vert veldig oppdelt.**

Sanering av avkøyrslar er alltid eit mål ved planlegging av veg (sjå siste avsnitt under pkt 4). Eksisterande avkøyrslar til 118/2 og 118/11 vert stengt og samla i ny avkøyrslar, som også skal gå til 118/1. Ved evt bygging av gang- og sykkelvegen, vil veglinja på fv.57 bli endra/flytta. Då kan det verta trangt mellom fylkesvegen og fjøs/låve på 118/2, dersom ny tilkomstveg skal førast rundt og opp til 118/11. I tillegg må ein ha plass til svingradius frå fylkesvegen og inn på tilkomstvegen, og ein må ta omsyn til sikt i avkøyrslene.



Det er sett på forskjellige løysingar her, og som nemnt i VLFK si vurdering av innkomne klager, har det tidlegare i prosessen vore synfaring og dialog med eigarar av bruk 118/1 (12.11.2019), og med eigarar av bnr.2 og 3 i samband med ny vegløyning etter 1.gongs offentleg ettersyn i 2019. VLKF har forståing for dei ulike synspunkta i saka, men ynskjer igjen å presisera at i enkelte tilfelle, kan det vera utfordrande å finna gode, gjennomførbare løysingar som tilfredsstillar ynskje og krav frå alle involverte partar.

4. **Kva vurderingar er gjort med omsyn til å sikra gode landbruksavkøyringar på klagarane sine eigedommar?**

Etter 2.gongs høyring og offentleg ettersyn, vart det saman med konsulent gjort ein gjennomgang både mtp landbruksavkøyrslar som var vist stengt i planutkastet, samt dei som viste endring av tilkomst. Dette førte til at nokre landbruksavkøyrslar vart tatt inn att, medan andre fekk ny plassering. Plassering er gjort ut frå ei vurdering av trafikktryggleik (krav til sikt o.l, utforming i samsvar med krav), kvar det er mogleg å få til ei plassering mtp terreng, samt

kva ein treng av areal for å komma seg inn og ut frå avkøyrsla. Så langt me kan sjå, skal alle landbrukseigedommar no vera sikra tilkomst. Fleire av avkøyrslene er vist med pil i plankartet, og viser ca plassering, slik at ein ved bygging kan gjera enkelte tilpassingar på staden.

Ved planlegging av veg er det alltid eit mål å sanera avkøyrslar, då det er samanheng mellom tal avkøyrslar og tal ulukker. Slik er det også gjort i denne planen. Dette vil føra til at nokon får endra tilkomst til eigedommane sine, nokre også lengre veg. Vestland fylkeskommune har forståing for at dette kan vera ei ulempe for nokon, men i enkelte tilfelle let det seg dessverre ikkje gjera på annan måte.

### Generelt

Vestland fylkeskommune ynskjer generelt å visa til reguleringsføresegnene § 4.2.1, bokstav b), spesielt siste setning:

*Mindre avvik ved samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, vil kunne skje som følge av uventa tilhøve, som til dømes grunnforhold eller manglar i kartgrunnlaget. Det kan medføre at areal som skal disponerast til vegformål kan fråvike frå det som kjem fram av planen. Det er tillate med innbyrdes justering mellom samferdselsformål i horisontal og vertikalgeometri.*

Planen opnar altså opp for justeringar innafor areal avsett til samferdsleføremål. Det kan vera hensiktsmessig å gjera vurderingar kring dette i samband med byggeplan og prosjektering.

Me ynskjer også å visa til alt oversendt planmateriale, samt vårt brev datert 07.06.2022 – *Vurdering av klager på vedtatt reguleringsplan - gang- og sykkelveg fv. 57 Lindås tettstad-Mongstad.*

Med helsing

**Wilhelm Lund**  
leder  
INV - Planlegging

**Kari Veseth Kinden**  
overingeniør  
INV - Planlegging

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*